



## Resipientanalyse AS

Foretaksnr.: NO 998 058 376 mva  
Adresse: Sælehaugen 26  
5212 Søfteland  
Kontaktperson: Frode Haveland  
Telefon: 40 23 17 79  
Epost: [post@raas.no](mailto:post@raas.no)  
Internett: <http://www.raas.no>

**Oppdatert 05.09.2025**

### Info ark:

## Risikovurdering av forureining av sediment ved fiskeoppdrett

For dei fleste av våre kundar har vi tatt 2 til 3 måleseriar med uttak av kopar og sink prøvar, i samband med B-gransking i perioden 2015-2025.

Frå 2026 vil vi anbefale at ein inkluderer dei 6 andre mest aktuelle tungmetalla, i samband med prøveuttak i anleggssona. Dette for at det skal være enklare å spore kor i lokaliteten belastninga er størst, dersom ein får utslag på C0-prøve, som skal takast i samband med C-gransking frå 2026.

Eit viktig poeng med å ta ut tungmetall-prøver i samband med B-gransking i anleggssona, er at ein kanskje ikkje vil treng å ta ut prøvar frå fleire prøvestasjonar, enn det ein er pålagt i samband med C-gransking (og ASC), for å kunne utarbeide ei god risikovurdering av forureina sediment, etter dei nye miljøkrava frå 2026.

Det stå i nytt regelverk at prøveuttak skal utførast av akkreditert organ, som er akkreditert for oppgåva. Dette gjeld C-prøvane i overgangssona og C0-prøvar i anleggssona. Har ein tatt C0-prøve og 3 til 6 C-prøvestasjonar i overgangssona, vil dette normalt være dekkande for ei god risikovurdering av forureina sediment av overgangssona. Dersom ein og tar ut tungmetall prøvar (dei mest aktuelle framandstoffa frå not og fôr) frå halvparten av B-prøvane i anleggssona. Vil vi meine at ein og vil få ei god dekning av anleggssona, for å kunne utarbeide ei god risikovurdering av forureina sediment, og i anleggssona.

Større grabb skal brukast ved B-gransking i anleggssona, ved djup over 300 meter, dersom ein ikkje får representative prøver med ein liten grabb. Dersom ein ikkje får representative prøver med stor grabb heller, er botnen truleg dominert av hardbotn og skal kartleggast med ROV etter hardbotn-metodikk frå HI. Resipientanalyse AS har god erfaring med å utarbeide Hardbotn-gransking i samarbeid med ROV AS etter metodikk frå HI.

Ta kontakt ved spørsmål om risikovurdering av framandstoff i sediment!

Med vennleg helsing

Frode Haveland  
*Cand. Scient.* Marin mikrobiolog  
Dagleg leiar i Resipientanalyse AS